

Til alle føresette i barnehage og skule i Sogndal kommune**Informasjon til føresette i Sogndalsbarnehagen og Sogndalsskulen i samband med covid19-utbrot**

Som alle heilt sikkert har fått med seg, så har vi eit utbrot av covid-19 knytt til Kaupanger skule. Sidan tysdag 16.03 har totalt 10 personar (2 vaksne og 8 elevar) med tilknytning til Kaupanger skule testa positivt på covid-19. I tillegg er det er rundt 120 personar som er i karantene knytt til utbrotet. Ein krevjande situasjon som har vorte godt handtert av helsemyndigheitene, skulen, elevar og føresette på Kaupanger. Vi er budde på at det kan verte fleire smitta knytt til utbrotet, særleg blant dei som sit i karantene.

Utbrotet på Kaupanger skule er definert som eit lokalt, avgrensa utbrot. Det har så langt ikkje kome smitte utanfor Kaupanger skule som kan knytast til dette utbrotet. Det er påvist ein smitta elev ved yrkessjåfør-linja til Sogndal vgs. avd. Kaupanger, men smittesporinga har kartlagt at smitten kjem frå ein annan kommune, og dei har ikkje funne nokon samanheng med utbrotet på Kaupanger skule.

Tiltak som er sett i verk som smitteverntiltak er følgjande:

- Kommunen oppmodar lag og organisasjonar i Sogndal kommune om å utsetja/avlysa arrangement, treningar og andre fritidsaktivitetar der ein samlar folk i grupper innandørs.
- Kommunen oppmodar folk om å bruka munnbind der det er vanskeleg å halda avstand, viss det er trengt på skuleskyssen, når vi elevar på ungdomsskulen bruke munnbind. Det er ikkje tilrådd for barn under 12 år å bruke munnbind.

I tillegg har vi vurdert driftssituasjonen ved Kaupanger skule som så krevjande, der mange både elevar og tilsette er i karantene, at vi har valt å leggje opp til heimeundervisning siste veka før påske. Dette trass i at det ikkje er grunnlag for å stenge skulen etter smittevernlova, då utbrotet framleis er lokalt og relativt avgrensa. Dette er i tråd med råd frå lokale og nasjonale helsemyndigheiter. I og med at mange elevar og tilsette er i karantene, så vil det vere vanskeleg å ha vaksne til å følgje opp elevar som har krav på heimeundervisning, samstundes som mange elevar også skal vere fysisk på skulen. Det vil også vere krevjande å sikre at smittevernreglane på skulen vert følgt. Kommunen si vurdering er difor at det samla sett vil vere best å gje digital heimeundervisning i denne perioden der så mange av dei som er knytt til skulen er i karantene.

Barnehagane og skulane i Sogndal kommune elles, driv framleis på gult nivå. Den nasjonale vurderinga er at det er viktig at barn og unge har eit tilbod i barnehage og på skule, med eit fagleg og sosialt fellesskap med andre born. Dette er ei vurdering som Sogndal kommune deler, og som vi har lagt til grunn i våre vurderingar. Vi veit at mange ønskjer sterkare tiltak,

og at vi er føre var. Det viktigaste vi gjer for å vere føre var, er å følgje dei generelle smittevernråda, og få til smittevernstiltaka i barnehage og skule på gult nivå. Vi har lagt ved ein omtale av gult nivå i barnehage, barneskule og ungdomsskule nedst i brevet. Vi som har ansvaret for oppvekstsektoren, har tett dialog med smittevernlegen, og vi følgjer råda vi får.

I smittevernrettleiarane er barnehage og skule sine samfunnsroller skildra slik:

Barnehagen si samfunnsrolle	Barnehagar har ei avgjerande rolle for barn si omsorg og utvikling. Dei er dessutan vesentlege for samfunnsstrukturen ved at dei gjer det mogleg for føresette å kunne arbeide. Barnehagetilsette har difor ei sentral rolle for å ivareta barna også i ein pandemisituasjon. Utbrotet kan vare over lang tid, avhengig av kva smitteavgrensande tiltak som vert gjort i samfunnet elles. Det har difor stor betydning at barna kan gå i barnehage i utbrotperioden, samstundes som smittevernet vert ivareteke, både for barna og dei tilsette. For drift av barnehagane under koronavirusutbrotet finst det ei rekke tiltak barnehagane kan setje i verk.
Barneskulen si samfunnsrolle	Skulane har ei avgjerande rolle for barn si læring, omsorg og utvikling. Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring når det er sannsynleg at dei skal vere i Norge i meir enn tre månadar. Både FNs barnekonvensjon, grunnlova og regelverket på opplæringsområdet anerkjenner betydninga av skulen som arena for barna si læring, meistring og trivsel. Skulen er dessutan vesentleg for samfunnsstrukturen ved at dei gjer det mogleg for føresette å kunne arbeide. Tilsette i skulen har difor ei sentral rolle for å ivareta elevane også i ein pandemi-situasjon. Utbrotet kan vare over lang tid, avhengig av kva smitteavgrensande tiltak som vert gjort i samfunnet for elles. Det har difor stor betydning at barn kan gå på skule i utbrotperioden, samstundes som smittevernet vert ivareteke, både for elevane og dei tilsette. For drift av skulane under koronavirusutbrotet finst det ei rekke tiltak som skulane kan sette i verk.
Ungdomsskular si samfunnsrolle	Skulane har ei avgjerande rolle i sosial og fagleg utvikling for ungdom. Det følgjer av opplæringslova at ungdom har rett til opplæring. Både FNs barnekonvensjon, Grunnlova og regelverket på opplæringsområdet anerkjenner betydninga av skulen som arena for ungdom si læring, meistring og trivsel. Tilsette i skulen har difor ei sentral rolle for å ivareta elevane også i ein pandemisituasjon. Utbrotet kan vare over lang tid, og det har difor stor betydning at ungdom kan gå på skule i utbrotperioden samstundes som smittevernet vert ivareteke, både for elevane og dei tilsette.

Det er desse samfunnsoppdraga vi jobbar for å ivareta når vi driftar skulane på gult nivå denne veka før påske, og ikkje legg om til heimeundervisning. Kriseleiinga i kommunen følgjer situasjonen nøye, og vurderer kontinuerleg situasjonsbiletet, og om dette krev endring av tiltak. Slik situasjonen er no, meiner Sogndal kommune og lokale smittevernsmyndigheiter at det er rett å halde barnehagar og skular opne og halde drifta på gult nivå.

Samstundes kan det ut frå bemanningssituasjonen verte aktuelt å innskrenke opningstida noko i barnehage og SFO. Den einskilde barnehage og skule vil i så tilfelle vere i dialog med dykk som føresette om dette.

Vi set stor pris på samarbeidet med dykk som føresette, og den jobben som alle tilsette i barnehage, skule og kommunen elles legg ned for å sikre eit godt tilbod i den situasjonen vi står i.

Vi veit at koronapandemien er krevjande for både vaksne og barn. Sogndal kommune har tidlegare (våren 2020) sendt ut råd til føresette med fokus på eigen og barna si psykiske helse. Vi legg desse råda ved dette brevet.

Med helsing
Sogndal kommune

Ole Gunnar Krakhellen
kommunalsjef oppvekst

ole.gunnar.krakhellen@sogndal.kommune.no

Karin Johansen
ass. kommunalsjef oppvekst
særleg ansvar for barnehage

karin.johansen@sogndal.kommune.no

Bjarnhild Samland
ass. kommunalsjef oppvekst
særleg ansvar for skule

bjarnhild.samland@sogndal.kommune.no

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Kopi til:

Vedlegg: Omtale av gult nivå for barnehage, barneskule og grunnskule
Råd til føresette med fokus på eigen og barna si psykiske helse

Vedlegg, nærare omtale av drift av barnehage, barneskule og ungdomsskule (kontaktreduserande tiltak) på gult nivå:

Barnehage	Barneskule	Ungdomsskule
<p>Det overordnede målet ved gult og rødt nivå er at barn og ansatte har et begrenset antall kontakter og å holde oversikt over disse.</p>	<p>Det overordnede målet ved gult og rødt nivå er at elever og ansatte har et begrenset antall kontakter og holder oversikt over disse.</p>	<p>Det overordnede målet ved gult og rødt nivå er at elever og ansatte har et begrenset antall kontakter og å holde oversikt over disse.</p>
<p>Fysisk kontakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Behovet for nærhet og omsorg hos barna må ivaretas. • 	<p>Fysisk kontakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Behovet for nærhet og omsorg må ivaretas. • Håndhilsning, klemming og unødvendig fysisk kontakt unngås i den grad det er mulig. 	<p>Fysisk kontakt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Håndhilsning og klemming bør unngås. • Elevers behov for omsorg må ivaretas.
<p>Organisering av kohorter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avdelingen regnes som en kohort. • For basebarnehager bør barna deles inn i grupper tilsvarende størrelse på en avdeling med barn i samme alder. • Faste ansatte per avdeling/kohort. • Kohortenes sammensetning kan endres ukentlig etter en helg. • To kohorter kan samarbeide for praktisk gjennomføring av barnehagedagen. Samarbeid kan foregå utendørs der det er mulig. • Innendørs kan kohorter som ikke samarbeider passere hverandre og være kortvarig i samme område (inntil 15 minutter). Kohortene kan imidlertid oppholde seg i samme rom over lengre tid forutsatt at det kan 	<p>Organisering av kohorter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Klassen regnes som en kohort. • For baseskoler bør elevene deles inn i grupper tilsvarende størrelsen på en vanlig klasse. • Ansatte kan veksle mellom ulike kohorter for gjennomføring av vanlig undervisning. • Kohortene kan bytte sammensetning ukentlig etter en helg. • To kohorter kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skoledagen. Samarbeid kan foregå utendørs der det er mulig. • Innendørs kan kohorter som ikke samarbeider passere hverandre og være kortvarig i samme område (inntil 15 minutter). Kohortene kan 	<p>Organisering av kohorter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Klassen regnes som en kohort. • Ansatte kan veksle mellom ulike kohorter for gjennomføring av vanlig undervisning. • Blanding av elever på tvers av kohorter begrenses så langt det er mulig. • For gjennomføring av språkfag, valgfag, og andre fag der elevene blandes, bør elevene grupperes i klasserommet ut fra kohorttilhørighet eller ha faste plasser i alle klasserom. • To kohorter kan eventuelt samarbeide for praktisk gjennomføring av skoledagen. Samarbeid kan foregå utendørs der det er mulig.

<p>være minimum to meters avstand mellom dem hele tiden.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kohortene (som ikke samarbeider) bør ha ulike lekeområder ute. Enten kan de bruke uteområder etter hverandre, eller så kan uteområdet deles inn i soner. Det er ikke nødvendig å rengjøre uteområdene. 	<p>imidlertid oppholde seg i samme rom over lengre tid, forutsatt at det er minimum to meters avstand mellom dem hele tiden.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kohortene (som ikke samarbeider) bør ha ulike lekeområder ute. Enten kan de bruke uteområder etter hverandre, eller så kan uteområder deles inn i soner. Det er ikke nødvendig å rengjøre uteområdene. • SFO bør organiseres gruppevis for fortsatt å begrense antall kontakter totalt. Avhengig av antall elever kan dette gjøres ved å opprettholde kohortene, inndeling i andre grupper eller organisere trinnvis. 	<ul style="list-style-type: none"> • Innendørs kan grupper/kohorter som ikke samarbeider passere hverandre og være kortvarig i samme område (inntil 15 minutter). Kohortene kan imidlertid oppholde seg i samme rom over lengre tid forutsatt at det er minimum to meters avstand mellom dem hele tiden.
<p>Tetthet i grupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå trengsel på vei inn og ut av barnehagen, i garderober og på toaletter. • Foresatte må holde en meters avstand til ansatte og andre foresatte. • Økt bruk av utetid. 	<p>Tetthet i grupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elever bør helst ha egne, faste pulter/arbeidsplasser. • Det er ikke nødvendig å begrense elevers vanlige bevegelser i klasserommet. • Større samlinger bør unngås. • Alle barn bør ha egen spise- og aktivitetsplass på SFO. • Unngå trengsel på vei inn og ut av undervisningslokalene, i garderober og på toaletter. • Eventuelt opprette merking på gulvet for å sikre avstand mellom elever i grupperom/klasserom, garderober og andre områder der det kan oppstå trengsel. 	<p>Tetthet i grupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elever bør ha faste pulter/arbeidsplasser. • Det er ikke nødvendig å begrense elevers vanlige bevegelser i klasserommet. • Større samlinger bør unngås. • Unngå trengsel på vei inn og ut av undervisningslokalene, i garderober og på toaletter. • Eventuelt opprette merking på gulvet for å sikre avstand mellom elever i grupperom/klasserom, garderober og andre områder der det kan oppstå trengsel

	<ul style="list-style-type: none"> Økt bruk av utetid og uteskole, også på SFO. 	
<p>På starten og slutten av dagen:</p> <ul style="list-style-type: none"> Bruk av offentlig transport til og fra barnehage begrenses der det er mulig. 	<p>Lek og friminutt:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ha ekstra antall voksne ute i friminutt for å hjelpe elevene å holde avstand. Vurdere ulike tidspunkt for friminutt for å begrense antall elever som er ute samtidig (avhengig av antall elever og størrelse på skolegård). 	<p>Friminutt:</p> <ul style="list-style-type: none"> Elever oppfordres til å holde avstand i friminutt. Ha voksne ute i friminutt for å hjelpe elevene å holde avstand. Vurdere ulike tidspunkt for friminutt for å begrense antall elever som er ute samtidig (avhengig av antall elever og størrelse på skolegård).
<p>Begrense deling av mat og gjenstander:</p> <ul style="list-style-type: none"> Barna skal ikke dele mat og drikke. Mat kan tilberedes i barnehagen etter vanlige retningslinjer. Det er ikke vist at covid-19 smitter gjennom mat. Barna bør spise i sine kohorter. Ved felles spiserom, bør kohortene spise til forskjellig tid. Bord og stoler bør vaskes av etter hver gruppe. Begrens deling av materiell mellom kohorter (for eksempel tegnesaker, saks, viskelær, blyantspisser, nettbrett og lignende). Leker bør ikke deles mellom kohorter før lekene er rengjort. Leker bør ikke tas med hjemmefra. Kosedyr eller lignende må holdes begrenset til det enkelte barn, for eksempel ved soving. 	<p>Begrense deling av mat og gjenstander:</p> <ul style="list-style-type: none"> Elevene skal ikke dele mat og drikke. Mat kan tilberedes på skolen/SFO etter <u>vanlige retningslinjer</u>. Det er ikke vist at covid-19 smitter gjennom mat. Barna bør spise i sine kohorter. Ved felles spiserom, bør kohortene spise til forskjellig tid. Bord og stoler vaskes av etter hver gruppe. Begrens deling av skrivesaker, nettbrett og annet materiell. Skolebøker kan fraktes mellom hjem og skole. Dette gjelder også skriftlige innleveringer. Leker bør ikke tas med hjemmefra. 	<p>Begrense deling av mat og gjenstander:</p> <ul style="list-style-type: none"> Elevene skal ikke dele mat og drikke. Elevene bør sitte ved hver sin pult når de spiser. Mat kan tilberedes og serveres på skolen etter <u>vanlige retningslinjer</u>. Det er ikke vist at covid-19 smitter gjennom mat. Ved felles kantine, bør ikke ulike kohorter sitte sammen. Begrens deling av for eksempel skrivesaker, arbeidsverktøy, nettbrett og lignende. Skolebøker kan fraktes mellom skolen og hjemmet. Dette gjelder også skriftlige innleveringer.

<p>Spesielt for ansatte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå fysisk kontakt mellom ansatte (håndhilsning og klemming) • Holde avstand (minst en meter) til kolleger i alle situasjoner. • Begrense bruk av offentlig transport i rushtid til og fra arbeidsplassen der det er mulig. Følge lokale anbefalinger for bruk av munnbind. • Vurdere digitale møter i stedet for fysiske møter der det er mulig. • Ved fravær av personell kan det være behov for vikarer og/eller omrokking av personell mellom kohorter. Dette gjøres når det er nødvendig, men omrokkinger bør likevel begrenses. • Dersom det er ansatte/vikarer som arbeider i flere barnehager, må de få opplæring i gjeldende lokale rutiner i hver barnehage. Det bør tilstrebes å unngå å jobbe i ulike barnehager samme dag. • For spesielle tjenester (PPT, logoped og andre) skal disse følge basale smittevernrutiner etter gjeldende anbefalinger (god hånd- og hostehygiene, ikke møte opp ved sykdom, osv.), men kan ellers utføre sitt arbeid som normalt. 	<p>Transport og skoleskyss:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruk av offentlig transport til og fra skolen begrenses der det er mulig. • Ved bruk av offentlig transport, bør elevene holde avstand til andre. • Skoleturer som innebærer tett ansamling av elever i store grupper og på offentlige transportmidler bør begrenses. • Elever fra samme husholdning eller samme kohort kan sitte sammen (for eksempel ved drosjetransport). • Skoleskyss: Elever som er avhengige av skoleskyss kan ta buss eller annen transport for å komme seg til og fra skolen. Følg <u>gjeldende nasjonale</u> eller lokale retningslinjer for kollektivtransport. • 	<p>Transport og skoleskyss:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruk av offentlig transport til og fra skolen begrenses der det er mulig. • Ved bruk av offentlig transport, bør elevene holde avstand til andre. • Skoleturer som innebærer tett ansamling av elever i grupper og på offentlige transportmidler bør begrenses. • Elever fra samme husholdning eller samme kohort kan sitte sammen (for eksempel ved drosjetransport). • Skoleskyss: Elever som er avhengige av skoleskyss kan ta buss eller annen transport for å komme seg til og fra skolen. Følg <u>gjeldende nasjonale</u> eller lokale retningslinjer for kollektivtransport, inkludert anbefalinger eller påbud om munnbind.
--	---	--

	<p>Spesielt for ansatte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå håndhilsning og klemming. • Holde avstand (minst en meter) til kolleger i alle situasjoner. • Der det er nødvendig med ulike faglærere, kan lærere ambulere på tvers av kohorter, mens kohortene har faste klasserom der det lar seg gjøre. • Begrense bruk av offentlig transport i rushtid til og fra arbeidsplassen når det er mulig. Følg lokale anbefalinger for bruk av munnbind. • Vurdere digitale møter i stedet for fysiske møter der det er mulig. • Ved fravær av personell kan det være behov for vikarer og/eller omrokking av personell mellom kohorter. Dette gjøres når det er nødvendig, men omrokkinger bør likevel begrenses. • Dersom det er ansatte/vikarer som arbeider på flere skoler, må de få opplæring i gjeldende lokale rutiner på hver skole. Vikarer bør unngå å jobbe på ulike skoler samme dag. 	<p>Spesielt for ansatte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unngå håndhilsning og klemming. • Holde avstand (minst en meter) til kolleger i alle situasjoner. • Ved bruk av ulike faglærere, kan lærere ambulere på tvers av kohorter, mens kohortene har faste klasserom der det lar seg gjøre. • Begrense bruk av offentlig transport i rushtid til og fra arbeidsplassen når det er mulig. Følg lokale anbefalinger for bruk av munnbind. • Vurdere digitale møter i stedet for fysiske møter der det er mulig. • Ved fravær av personell kan det være behov for vikarer og/eller omrokking av personell mellom kohorter. Dette gjøres når det er nødvendig, men omrokkinger bør likevel begrenses. • Dersom det er ansatte/vikarer som arbeider på flere skoler, må de få opplæring i gjeldende lokale rutiner i hver skole. Vikarer bør unngå å jobbe på ulike skoler samme dag.
--	---	---

Kjelder, smittevernrettleiaren for:

- [Barnehage](#)
- [Barneskule](#)
- [Ungdomsskule](#)